

Dialog med nye dimensjonar

Framføringa av Hei Hauge trollbatt eit stort publikum medan det mørkna i Kvemmadokkje torsdag.

Kanskje kjempa somme med å halda kulden frå kne og kjakar. Men i det lengste heldt framføringa av Hauge-dikt og nyskriven musikk slike tankar på avstand. Juni Dahr, Tore Brunborg og Thomas Strønen innfridde forventningane om ei ny oppleving av Olav H. Hauge sine dikt.

Tingingsverket var ein del av opningsmarkeringa som dette året var lagt til husmannsplassen Kvemmadokkje på Børsheim. Publikum møtte mannsterkt fram, godt kledd for ein hustrig haustkveld. Regn vart dei sparde for.

Å gå

Først fekk dei ei overrasking. Forfattar Thomas Espedal hadde kvelden før vore i elden på Finse, men vart òg gjeven ordet i Kvemmadokkje. Han slo eit slag for vandrings, det å gå. Det å gå gjer ein betre i stand til å sjå – fordi ein er nøydd til å forhalda seg til det ein møter på. Det lærer ein òg å verta audmjuk. Når ein har gått lenge, vert ein etter kvart nøydd til å be om vatn, be om ly eller ein plass å sova.

Den offisielle opninga av festivalen hadde fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg hand om. Ho gledde seg over at dei jubilerande kunstnarane Olav H. Hauge og Geirr Tveitt er høgt verdsette både innanlands og utom landegrensene. I år er det markeringar frå Bodø til Beijing. Dikting og skaping vert heller aldri oppbrukt eller ferdig, meinte ho.

Stemningar

Under gråblå skyer kom deretter Hei Hauge-bandet på plass. Med skiftande intensitet veksle musikkarar og opplesar mellom vare, melankolske stemningar til hissig, hoggande takter. Dikt om vind og hav, om katten, sleggja og saga, fylgde. Med eit publikum som kjenner dikta betre enn mange andre, er det ikkje til å unngå at også dei ørsmå «talefeila» i den første



TROLLBATT PUBLIKUM: Hei Hauge-framføringa vart motteke av eit imponert publikum i Kvemmadokkje torsdag.

sekvensen vart oppdaga. Å få presentert diktet om Osamannen i ei sterk rytmisk form er også uvant, men kanskje på tide?

Meistarleg

Utover i verket fall dikt og musikk saman på ein meisterleg måte. Juni Dahr, Tore Brunborg og Thomas Strønen viste at dei er utøvarar av høg klasse, med respekt for kvarandre og for materialet dei arbeider med.

Spennande overgangar, soloinnslag og samspel tok ikkje luven av dikteren sine bilete av omverda, som i diktet Eg dreg ifrå glaset, og diktet om apalen som han hogg ned.

Dialogen med dikteren heldt fram med ein lettare tone i den av-

sluttande delen. Det gjeng an å leva i kvardagen og, seier som kjent dikteren – og både dette diktet og kanskje det aller mest kjende og brukte diktet – Det er den draumen – avrunda dialogen.

Hei Hauge skal vidare til andre framsyningsstader. Men ingen vil få same opplevinga, same ramma rundt, som dei som var samla medan det mørkna i Kvemmadokkje denne septembervelden.

SIGRID SEIM | tekst og foto
ss@avisa-hordaland.no



TINGINGSVERK: Juni Dahr, Tore Brunborg og Thomas Strønen innfridde forventningane om ei ny oppleving av Hauge sine dikt.



STILLER UT: Harding Puls opna denne helga utstillinga Inspirert, i Ulvik. Medlemer i Harding Puls, Svein Nå og Ingunn van Etten, tek pause i arbeidet med monteringa, saman med prosjektleiar ved Haugesenteret i Ulvik, Ida Holen.

Spennande tider for Harding Puls

KUNSTNARNETTVERK: Kunstnarar som flytter til Hardanger vil gjerne vera med i forumet Harding Puls.

Harding Puls er som kjent eit nettverk for kunstnarar med tilknytning til Hardanger. Dei melder om stor aktivitet og store forventningar til forumet, spesielt i samband med Kvammalokk – som no òg er utvida til eit Hardangerlokk.

Vil vera med

Harding Puls har det siste året fått nye medlemer knytt til denne satsinga, for kunstnarar som flytter til Hardanger ynskjer å vera med i dette nettverket. Det stiller ekstra krav til innsats frå Harding Puls, men gjer det òg meir spennande for dei som bur og arbeider i regionen.

Harding Puls har dette som eit bakteppe når dei no søker kommunane om tilskot til prosjektutvikling og drift framover. Granvin har fått søknad om å yta 15.000 kr; men har alt svara at det ikkje finst budsjettmidlar til eit slikt tilskot.

Jubileumsprega

Aktivitetane i Harding Puls er dette året prega av Hauge/Tveitt-jubileet, opplyser styret for forumet i søknaden til kommunane.

Det er sett saman ei eiga utstilling knytt til jubileet, med tittelen Inspirert. Ei utstilling er på vandring i Hardanger, ei anna står i Sjømannskyrkja i New York. Seinare skal denne vidare til Sør-Korea.

Harding Puls sender òg rundt ei førestilling for skuleklassar med Me-

rethe Gauden, om Hauge og Tveitt.

Planane for neste år omfattar nye konsert- og utstillingsprosjekt utanlands, spesielt med tanke på Island og Færøyane. Det vert òg arbeid med eit utvekslingsprosjekt med England. Ei landskapskunst-løype på Folgefonnhalvøya skal planleggast. Heile tida vert det arbeid med oppdatering av nettside, ny faldar, tverrfagleg utvikling og andre tiltak.

Samla budsjett for prosjekta og for administrasjon av forumet er på 410.000 kr i 2009. Av dette er det føreset at kommunane i Hardanger kan finansiera rundt halvparten i form av tilskot.

SIGRID SEIM | tekst og foto
ss@avisa-hordaland.no